



Linn Holmeskog målar logo tidlegare i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne veka er siste opningsveke for Vertshuset denne sommaren og vertskapet satsar på eit skikkeleg punktum. Linn Holmeskog fortel at det frå klokka 21 om laurdagskvelden blir karaokedisco med ein erfaren vert som står for heile arrangementet. Det blir musikk heilt frå 1980-talet til dagens populærmusikk,

Sesongen siste skaldyraften er fredag frå klokka 19.

Laurdag er det helgmiddag frå 18 til 21 med Maria Laxheim på kjøkenet.

Sundag er den siste dagen i denne sesongen og då fristar dei med helgmeny frå 13 til 21 og gratis is til alle barn som et!

Linn Holmeskog kan også opplysa at Vertshuset blir stengd frå 1. september til midten av november, men at det går bra å leiga lokalet for arrangement.

Frå midten av november til helga før jul blir det julebord for firma og større selskap.

Og etter suksessen sist laurdag er det klart at EDO blir husband under juleborda!